

## Søknad japansk – instituttleiar sine merknadar

Japanskfaget har, i dialog med instituttleiinga og fakultetet, jobba med søknad om oppretting av masterprogram i japansk frå og med hausten 2023. UUI vart orientert om arbeidet i møte 10. mars 2021, orienteringssaker 3/21 og 23. februar 2022, Orienteringssak 3/22. Planane for oppretting av masterprogrammet vart meldte inn både i studiekvalitetsmeldinga for 2020 og for 2021. No er det naudsynt med eit endeleg vedtak frå instituttrådet om oppretting, i tråd med instituttrådet sitt mandat i saker som gjeld oppretting og nedlegging av studieprogram.

Fagmiljøet i japansk har jobba fram utkastet til søknad, og instituttleiar har gjort greie for dei ressursmessige implikasjonane ved oppretting av programmet. Japanskfaget er innstilte på å jobbe godt med søknaden fram mot fristen, i dialog med Læringslaben, Den sentrale læringsdesigngruppen og fakultetet.

Instituttleiar meiner at det er ressursmessig grunnlag for å opprette studieprogrammet, særleg på grunn av at ei av stillingane er ei universitetslektorstilling og at ein planlegg for opptak av studentar annakvart år. Masterprogrammet vil vere eit viktig tilskot til fagstrukturen på instituttet og bidra til eit auka fokus på dei store asiatiske språkområda, saman med den nyoppretta masteren i kinesisk. Det kjem òg fram at masterprogrammet vil utfylle det eksisterande tilbodet i japanskstudiar ved UiO på ein god måte.

Instituttleiar stiller seg bak søknaden frå japanskfaget og ber om at instituttrådet vurderer saka på bakgrunn av utkastet til søknad.